

# Referat FAU møte 13.04.2023.

**Til stades:** Sondre Aas Selle, Wenche Elin Midttun, Liv-Jorunn Bjordal, Kristina Nicholls, Hanne Margrethe Haugland, Jan Robert Fylkesnes

**Meldt fråfall:** Ragnhild Vad

**Frå Skulen:** Rektor Kesia Tabitha Sowerby Palmer

**Stad:** Litlabø Skule

**Referent:** Jan Robert Fylkesnes

Dette er det 4. FAU møtet for skuleåret 2022/2023.

## 1.) Organisering av dugnad og 17. Mai

FAU bestemmer dato for vårdugnad til å bli 04.05.2023 og 10.05.2023, begge dagar med oppstart kl.17:00 Rektor vil sende ut invitasjon og informasjon om arbeidsoppgåver gjennom Visma for å sikre at alle mottar dette. FAU oppdaterer skrivet fra i fjor.

- Feiing av skuleplass kan utgå sidan det kommunen sender kostebil. Feiing under apparat, benker og bord etc må foretast.
- Stripse mål i ballbingen på til på lista.

FAU representantar for 5 og 6 klasse kallar inn 17 mai komitéar for dugnad 16.05.2023

## 2.) Evaluering Satsingsområda

Språkbruk er ein nasjonal utfordring etter pandemien. Diskutert i FAU tidlegare, så blir det planlagt med eit felles foreldremøte for de tre barneskulane i Sagvåg. Dette diskuterast vidare i eit nytt fellesmøte for FAU i haust. Grov-skisse for agenda og tema er klart, men det manglar noko detaljer rundt eit slikt foreldremøte.

## 3.) Felles 17. mai feiring

Det er Sagvåg forum som har teke initiativ til diskusjon om felles 17. mai feiring i Sagvåg der Nysæter ungdomskule er peikt på som ein flott arena for eit slikt arrangement, frå tidlegast 2024. Guro Betten ved Sagvåg Forum inviterte FAU representantar til møte for innleiande diskusjon tidlegare i vår.

Litlabø FAU diskuterer under møte og finn seg i utgangpunktet positiv til ei slik feiring, men detaljer rundt arrangementet må på plass.

Sagvåg forum inviterer til nytt i mai for vidare diskusjon. Litlabø FAU tenker då stille med fleire representantar.

## 4.) Ymse

Skuleruta for skuleåret 2024/2025 er delt av rektor til FAU. Rektor ber FAU om å distribuere denne i klassene for eventuelle innspel til planen. Siste frist for innspel er 28.04.

FAU har motteke søknad frå 6 klasse om økonomisk støtte til skuletur til VilVite Senteret i Bergen, Budsjettet deia er NOK 12000,- . FAU konkluderer med at søknad er innvilga, og FAU leiar vil gi skriftleg tilsvar.

FAU setter av 08.06.2023 kl. 17:30 til 19:30 til sommar-avslutning for skulen. Rektor lager utkast til innkalling som godkjennast av FAU. Til blomstersermoni vil FAU

representantar oppfordre foreldra til å vippse 50kr per barn, eller maks 100,- totalt for de som har fleire barn.

15.06.23 kl. 18:00 til 20:00 vil FAU invitere 7 trinn til skuleavslutning med elever, lærarar og rektor. Det vert kamp mellom foreldre og elevar i utvalt grein.

Det vil komme ei rektorstilling på Litlabø Barneskule då rektor har valt å ta jobb ein anna stad